

Osterøy kommune
Hatland
5282 LONEVÅG



Saksbehandlar: Martin Martinussen Tvedt

Vår ref.: 2022/95575-16

Dykkar ref.:

Bergen, 23.05.2023

Årleg ruteendring 2023 - Status etter handsaming

Årleg ruteendring er ein fast prosess for systematisk gjennomgang av rutetilbodet, som grunnlag for å gjere forbetringar innanfor det eksisterande tilbodet. Skyss har no handsama alle innspel frå kommunane til denne saka. Prosessen har vore gjennomført i tråd med i tråd med vedtak frå hausten 2020 (FUV, PS 188/2020) om årleg ruteendring og rammer for bruk av belønningssmidlar.

Det er gitt skriftlege innspel frå 33 kommunar og to regionråd. Alle innspel er gjennomgått og vurderte. For tiltak som tydeleg er utanfor dei økonomiske rammene for inneverande år, er det ikkje lagt ressursar i større utgreiing av desse.

Innspela frå kommunane er ulike i omfang og karakter. Innspela gjev Skyss god og oppdatert innsikt i kva ein er oppteke av, og ser av utfordringar og moglegheiter lokalt. Mange representantar frå kommunane gjev også uttrykk for at ein set pris på dialogen og moglegheita til å fremja sine ønske. Tema som blir løfta fram ber i stor grad preg av å vere «større» enn justeringar innanfor det eksisterande tilbodet – som denne prosessen i utgangspunktet er lagt opp for. Det er nokre tema som går igjen:

- Behov for sterkare kollektivtilbod i distriktet – også på kveld og helg der ein tradisjonelt har eit lågt tilbod. Ønske om å gje både yngre og eldre eit betre tilbod. Auke i tilbodet krev finansiering.
- Viktig med korrespondanse mellom kollektivtilboda. Dette handlar ofte om at det er for få avgangar – til dømes ikkje buss til alle avgangar på ferje og båt. Tilbodet som er der heng saman, men det dekker ikkje alle behov. Auke i tilbodet krev finansiering.



- Ønskje om å bli involvert i prosessar kring endringar av rutetilbodet. Fleire kommunar gjev uttrykk for at dialogen med Skyss fungerer godt. Dialog over tid utan økonomiske rammer for nye tiltak er krevjande.
- Ønskje om fleksibel bestillingstransport som ein del av mobilitetstilbodet. Fleire kommunar vil gjerne teste ut nye og meir fleksible tenester i samarbeid med Skyss. Dette er ønskje som er i tråd med Strategi for berekraftig mobilitet, og nye og meir fleksible tenester er eit satsingsområde i Skyss. Likevel har ein ikkje kapasitet og finansiering til å gå inn i alle forslag til samarbeidsprosjekt.
- Busetting av flyktningar i område som har eit svakt kollektivtilbod gjev utfordringar med integrering og grunnleggande mobilitet i kvardagen. Dette er ei problemstilling som har blitt forsterka det siste året, og som heng tett saman med første punkt over.

For kommunar utanfor byvekstavtalen i Bergen er det ikkje budsjettert for styrking av tilbodet knytt til årleg ruteendring, og endringar må skje innanfor eksisterande økonomiske rammer. Dette har vore situasjonen sidan den faste, årlege kommunedialogen vart etablert. Vi ser dermed eit aukande gap mellom kommunane sine forventningar, og Skyss sine rammer. I årets prosess har dei økonomiske rammene for prosessen vore understreka frå Skyss, for at ein skal ha realistiske forventningar til prosessen. Denne problemstillinga vert løfta i eigen orienteringssak om årleg ruteendring 2023 til hovudutval for samferdsel og mobilitet i møte 30.05.2022.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør Skyss

Martin Martinussen Tvedt
seniorrådgjevar Transporttilbod

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift